Gamal humor i ny og god tapping

TEATER

«Den Innbilt Syke»
Studntesamfundets Interne Teater, Sitatet, Studentersamfundet i Trondhjem
Av: Molière
Omsett av André Bjerke
Regi: Jacob Nordin Andresen
Scenografi: Astrid Fiskum
Kostymedesign: Elin Linnea Östgård
Musikk: Ivar Strangstadstuen, Vera Wigum, Solan Alexander Berg, Janet Lu, Eirun Blix-Lærmoen, Anna Hagen Sløgedal og Marie Solberg
Med: Filip Giertsen Øigarden, Eirin Asting-Kjesbu, Melissa Peltonen, Trond Juvkam, Stine Elene Hole, Mia Helene Johnsen og Linn Tønnesen Kystvåg

IKKJE ENKELT: Det er duka for forviklingar, intrigar og mykje god humor når den innbilt sjuke skal overtydast om kva som er best for dotteras framtid. **FOTO: FOTOGJENGEN I SAMFUNDET**

SIT har kasta seg ut på djupt vatn med å tolke ein Molières 350 år gamle komediar, men kjem meir enn vel i hamn.

Studentersamfundets Interne Teater (SIT) ligg så definitivt ikkje på latsida. På under fem veker har dei hatt premiere på tre ulike produksjonar, og dei har kome ned på alle fire og vel så det med alle tre. Etter haustens storsatsing med det beste eg har sett av SIT gjennom dei meir enn femti åra eg har følgd dei, den sjølvlaga «Ivar Aasen – ein musikal», ville eg tru at dei slappa av og konsoliderte seg litt, men slik blei det ikkje. I slutten av februar var det premiere på «Weltschmertz 2225» eit eksperimentelt og ganske annleis stykke teater i samarbeid med Kepler Teater. Berre ei veke etter var det ny premiere, denne gongen på Knut Nærums krimkomedie «Mord over en lav sko». Og den siste dagen i mars går dei tilbake til 1600-talets store komedieforfattar, Molière (Jean-Baptiste Poquelin, 1622-1673) og hans satiriske oppgjer med legestanden, og mykje anna, i komedien «Den Innbilt Syke» (Le Malade imaginaire) frå 1673. Dette var det siste Molière skreiv, og sjølv om stykket blant mykje anna, handla om ein hypokonder, så tok Molière i røynda sin død av det. Han spela ofte hovudrolla sjølv, og under ei oppføring blei han dårleg, men fullførte framsyninga, og døydde like etter.

Å spele 350 år gamle komediar kan vere ein skikkeleg risikosport. Humoren og dei sosiale vendingane er annleis og må framførast på eit vis som treffer dagens publikum. Og så er det alltid eit spørsmål om timing og presise entrear og sortiar. Sjølv profesjonelle institusjonsteater kan slite med å få dette til å gå i hop. Eg blei difor imponert over kor godt regissør Jacob Nordin Andresen og dei sju aktørane hadde løyst desse utfordringane. For her sat faktisk det meste. Ei anna utfordring ved å spele Molières komediar, er at dei ofte har meir enn eit plot. I «Den Innbilt Syke» møter vi den velståande Argan (Filip Giertsen Øigarden) som trur han er sjuk, og som nærast dyrkar diagnosen sin. Det er for så vidt eit tema som er blitt ganske aktuelt att i vår tid. Men i tillegg til at han ligg under for eit kvakksalveri av farmasøytar og legar, og stykket har eit ironisk oppgjer med slikt, er her også eit vell av andre tema og intrigar. Argan vil gifte bort dottera Angelique (Melissa Peltonen) til ein medisinarstudent og sonen til legen han brukar. Dette sjølvsagt for å sikre si eiga sjukdomsframtid. Men Angelique har på same tid forelska seg i ein annan (Trond Juvkam), og dermed har vi nok ein intrige. I tillegg har vi også den klassiske vonde stemora frå folkeeventyra. Argan er enkjemann og har gifta seg på nytt med Beline (Mia Helene Johnsen), ein tvers gjennom falsk intrigant augetenar som berre er ute etter pengane til Argan. Og som ein viktig moderator for heile spelet, er den sjølvmedvetne og kreative tenestejenta Toinette (Eirun Asting-Kjesbu). Ho let seg ikkje pelle på nasen av nokon, og er på mange vis motoren i historiene.

Scena er Sitatet, Studentersamfundets nye black box ,der scenografen Astrid Fiskum har tatt utgangspunkt i at dette var midt i barokken, og plassert det heile i Argans arbeidsrom der eit par gamle veggteppe, samt tidsriktige møbel og ein bakvegg av spegelpanel gir eit særs autentisk interiør. I midten tronar Argan med eit arbeidsbord fylt av ulike medikament. Det er ein enkel, men likevel illustrerande og effektiv scenografi. Og heldig er SIT som har eit heilt symfoniorkester i same hus. Sju av dei har forma eit lite kammerorkester som sit synlege på sidescena og spelar barokkmusikk der det elles ville vere brot og sceneskift.

I slike amatøroppsetjingar, – ja, for eg må minne om at SIT trass alt er amatørar sjølv om dei stadig kan gi inntrykk av noko anna – så kan ofte både scenografi og ikkje minst kostymedesign bli litt heimesnikra. Særleg gjeld det kostyma der ein ofte tek det ein har og freistar å setje det saman så godt ein kan. Men ikkje desse perfeksjonistane. Kostymedesignen til Elin Linnea Östgård er eit kapittel for seg. Saman med ein stor produksjonsgjeng har ho designa og fått sydd gjennomført og imponerande tidsriktige og detaljerte kostyme.

Humor er ei alvorleg sak, og å spele komedie er noko av det vanskelegaste ein kan gjere. Regissøren Jacob Nordin Andresen har vore tru mot Molières tekst, og ikkje minst André Bjerkes gode attdikting. Og i staden for høgt tempo, overspel og mykje halloi som ofte er freistande å ty til, har han faktisk vald det motsette. Det er eit godt val og gjer at teksten og handlinga, eller alle handlingane om du vil, kjem mykje tydelegare fram. Entrear og sortiar går ganske saumlaust trass i at det undervegs er omfattande kostymeskift. For dei sju på scena akslar i alle fall ti roller, og dette er ikkje kostyme som er enkle å ta av og på. Dramaturgisk stoppar det nok litt opp i intensitet midtvegs i framsyninga, men i hovudsak greier regissøren å halde oppe intensiteten.

Det kan sjå ut til å vere eit generasjonsskifte på gang i SIT, for av dei sju aktørane på scena, er det berre ei eg har sett tidlegare. Men trass i så mange debutantar, er personinstruksjonen overraskande bra. Det er sjølvsagt litt ujamt spel, og særleg er det problem med manglande diksjon undervegs, men dei fleste leverer overtydande prestasjonar. Spesielt gjeld det motoren i stykket, den tidvis både infame og kreative tenestejenta som blir glitrande formidla av Eirun Asting-Kjesbu. Og så er det Argan, han det heile dreier seg om. Filip Giertsen Øigarden tolkar denne rolla med ein fingerspisskjensle som er både overtydande og imponerande. Eit særs neddempa spel, lågmælte replikkar, finstemt mimikk, pausar for å la replikkane søkke når det trengst. Han nyttar eit uvanleg stort register til å vere ein ung amatør, og saman med resten av ensemblet greier han den vanskelege jobben det er å gjere 350 år gamal humor aktuell for eit ungt og moderne publikum.

This entry was posted on mandag, mars 31st, 2025 at 10:30 pm and is filed under Teater. You can follow any responses to this entry through the RSS 2.0 feed. You can leave a response, or trackback from your own site.

Leave a Reply

Name (required)

Mail (will not be published) (required)

Website

Submit Comment